



Til Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland

Frå Trygg Trafikk ved Miriam Kvanvik og Knut O. R. Nestås

Dato: 9. september 2019

Nullvisjonsarbeidet treng ein meir komplett og riktig statistikk over trafikkulykker

Det er fagleg semje om at den offisielle statistikken frå SSB over trafikkulykker med personskade ikkje er dekkjande, korkje når det gjeld omfang eller skadegrad. Statistikken inkluderer berre politirapporterte ulykker, der køyretøy er involvert. Dermed fell m.a. ofte alvorlege eineulykker på sykkel utanfor, sjølv om desse skal definerast som trafikkulykker. Oppgjeven skadegrad vil mange gonger òg vera feil, fordi denne vert registrert av politiet, som naturleg nok har avgrensa medisinsk kompetanse. Skadegraden vert sjeldan korrigert med omsyn til seinare medisinske funn i helsetenesta.

Trygg Trafikk var difor særns nøgde då regjeringa i 2016 plikta seg til å «å utrede behovet for nye retningslinjer for registrering av vegtrafikkulykker og økt utveksling av skade- og ulykkesdata» (jf. Meld. St. 40 (2015-2016) *Trafikksikkerhetsarbeidet – Samordning og organisering* s. 86). Føringa vert repetert i *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021* (tiltak 135).

Diverre har lite skjedd sidan. Trygg Trafikk har difor engasjert dr. philos Johan Lund, som er ein av dei fremste nasjonale ekspertane på skadestatistikk. Han har kartlagd kva relevante register som finst i helsesektoren og kva informasjon me kan få om trafikkskade frå desse registra. Resultata av arbeidet finst i den ferske rapporten «*Helsevesenbasert skaderegistrering som verktøy for å forebygge trafikkulykker*», utgjeven av Trygg Trafikk (mai, 2019).

Dekningsgraden er oppsiktsvekkjande låg

I rapporten gjennomgår me relevante helsevesenbaserte register: dødsårsaksregisteret, statistikkregisteret for uføretrygd, Nasjonalt traumeregister, registeret over spesialisthelsetenesta (Norsk pasientregister) og registeret over primærhelsetenesta (KUHR). Data om trafikkulykkeskadar frå desse vert samanlikna med tilsvarande data frå politiregisteret, som er grunnlaget for samferdslemyndigheitene sin offisielle statistikk.

Samanlikninga syner at den offisielle statistikken over trafikkulykker ser ut til å ha følgjande dekningsgrad:

- Alle trafikkulykkeskadde: Ca. 17 %.
- Særs alvorlege og alvorlege skadar (viktig med omsyn til Nullvisjonen og nasjonalt etappemål): Ca. 37 %.
- Lettare skadar: Ca. 15 %.
- Død: Komplett/stort samsvar.

Dette er, etter Trygg Trafikk si vurdering, oppsiktsvekkjande lågt, særskilt for kategorien «meget alvorlige og alvorlige skader» som me har gått ut frå at me har betre oversikt over.

Trygg Trafikk har difor bede helse- og samferdslemyndigheitene om å få fortgang i arbeidet med å få på plass ein meir komplett statistikk på trafikkulykker, i tråd med stortingsmelding nr. 40. Konkret har me oppmoda til at det vert sett av 10 mill. kr. i statsbudsjettet for 2020 til å etablere ein nasjonal kapasitet på dette området, knytt til Nasjonalt folkehelseinstitutt. Viktige oppgåver for ei slik eining vil t.d. kunne vera å utvikla eit nasjonalt traumeregister til å verta ei valid kjelde for statistikk over trafikkulykker, betre skaderegistrering ved sjukehusa, utvikla ei geografisk stadfesting av trafikkulykker, inkl. sykkel- og fotgjengarulykker med meir.

God nasjonal statistikk er også viktig for fylka og kommunane

Mørketala i den offisielle statistikken over trafikkulykker med personskade er ei utfordring som nasjonale myndigheiter må finna ei løysing på dersom me skal kunne arbeida endå meir målretta mot nullvisjonen og det nasjonale etappemålet om å redusera talet som døyrr og vert hardt skadde i trafikken til maksimalt 350 jf. Nasjonal transportplan for perioden 2018-2029.

For å nå dei nasjonale måltala er det òg svært viktig at me lukkast med regionalt og kommunalt trafikksikringsarbeid framover. Då trengst kunnskap om stoda. Det er vanskeleg å skriva ut ein resept om berre delar av diagnosen er kjent. Det er verd å nemna i tillegg at fylkeskommunane er i ferd med å overta ansvaret for fylkesvegnettet i samband med avvikling av noverande sams vegadministrasjon.

Tilrådinga frå Trygg Trafikk er difor:

- At Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland vert gjort kjende med funna i rapporten *«Helsevesenbasert skaderegistrering som verktøy for å forebygge trafikkulykker»*
- At Fylkestrafikksikringsutvalet sjølv handsamar dette som ei sak
- Aktuelle vedtakspunkt må vurderast nærare
- Eitt eller fleire FTU kan ta initiativ til eit innspel, anten kvar for seg eller i fellesskap, til helse- og samferdslemyndigheitene der ein størr oppom Trygg Trafikk si oppmoding om å få fortgang i arbeidet med å få på plass ein meir komplett statistikk på trafikkulykker
- I tillegg er det òg ein moglegheit at FTU jobbar for å få til lokale rapportar etter modell frå Vegdirektoratet sitt arbeid frå 2014, med rapportering på trafikkskadde frå Oslo skadelegevakt. Dette vil gje eit betre lokalt kunnskapsgrunnlag, men vil ikkje løysa den nasjonale problemstillinga med mangelfullt statistikkgrunnlag.